

MØTEPROTOKOLL

Leikanger ungdomsråd

Møtestad: **Formannskapssalen**
Møtedato: **15.01.2010** Tid: **1515**

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
1/10	09/506	Finansiering av musikkbinge
2/10	10/28	Finansiering av informasjonsprosjekt
3/10	10/34	Orienteringar

1/10

Finansiering av musikkbinge

VEDTAKET samr.:

Leikanger ungdomsråd rår til at Leikanger kommune gjer bruk av næringsfondet for ungdom til finansieringa av den kommunale delen til kjøpet av musikkbingen.

Kr. 100.000 frå næringsfondet for ungdom vert nytta til kjøp av musikkbinge.

2/10

Finansiering av informasjonsprosjekt

VEDTAKET samr.:

1. Leikanger ungdomsråd rår til at det vert nytta midlar frå næringsfondet for ungdom til prosjekt om presentasjon av Leikanger.

Midlane skal nyttast til eit presentasjonsprosjekt av Leikanger i samarbeid mellom ungdomar i Leikanger og Opplev Leikanger.

Eit vilkår frå ungdomsrådet for å rå til bruk av midlar frå næringsfondet for ungdom er at rådet får ein medverkande rolle i prosjektarbeidet.

2. Det vert seinare avgjort storleiken på tilskotet når kostnadene for prosjektet ligg føre.

3/10

Orienteringar

1. Ungdomens kulturmonstring 2010

I lista over arbeidsmål for 2010 står oppført Ungdomens kulturmonstring 2010.

Rådet bør drøfte arbeidsoppgåver i samanheng med dette arrangementet.

Ungdomane i rådet vert oppfordra til å komme med forslag til plakat som kan informere om Ungdomens kulturmonstring 2010 i Leikanger.

Vedtak:

Ungdomsrådet arbeider med å arrangere Ungdomens Kulturmonstring 2010 i Leikanger.

2. Samarbeid mellom Sogndal ungdomsråd og Leikanger ungdomsråd.

Skriv dat. 05.01.2010 frå Sogndal ungdomsråd til Leikanger ungdomsråd.

Det vert synt til Leikanger ungdomsrådssak 10/09: Samarbeid med Sogndal ungdomsråd. ungdomsråd. Rådet bør drøfte korleis rådet går vidare med saka.

Skrivet frå Sogndal ungdomsråd ligg vedlagt.

Vedtak:

Ungdomsrådet melder attende til Sogndal ungdomsråd om at ungdomsrådet ønsker eit felles møte. Administrasjonen avklarar møtedato for dei to ungdomsråda.

3. Ungdomsarrangement i under NM Fjelltelemark 2010

Idrettslaget SYRIL skal saman med Hafslo Idrettslaget arrangere NM i Fjelltelemark 2010

Arrangørane har m.a. søkt om midlar til eit ungdomsarrangement i samanheng med NM Fjelltelemark, og inviterer ungdomsrådet til å delta i planlegginga av ungdomsarrangementet.

Vedtak:

Lina Hæreid, Bjørn Søltnæs og Kristian Slinde frå ungdomsrådet deltek i planlegginga av ungdomsarrangementet i samanheng med arrangeringa av NM Fjelltelemark 2010.